



Bergen og Hordaland turlag v/Johnny Bjørge
Tverrgaten 4-6
5017 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3179 - 18/6343

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

26.02.2018

Vedkomande søknad om arealoverføring - gbnr 224/8 Fjelle

Vi syner til Dykkar søknad om arealoverføring for etablering av sikringshytte knytt til Kalvedalshytta.

Saka er under handsaming, og i høve dette har vi nokre spørsmål til søknaden.

Dispensasjon:

Området ligg innafor LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel, og innafor vernesone til vassdraget Fådalsvatnet. I høve dette er det naudsynt å supplere søknaden med søknad om dispensasjon frå LNF føremålet og byggegrense på 100 meter til vassdraget. Søknad om dispensasjon er ei skriftleg søknad der det skal gå fram kva De søkar dispensasjon i frå, og samstundes må søknaden vere grunngjeve.

Sikringshytta:

Det går ikkje fram av søknad kva faktisk bruk er av sikringshytta. Til dømes, skal det etablerast sengeplassar i hytta eller skal hytta nyttast som oppbevaring av utstyr?

Areal

Det er søkt om overføring av om lag 1000 m² for etablering av ei om lag 40 m². Vil det vere mogeleg å redusere arealet og samstundes sjå på alternativ plassering av sikringshytta slik at denne ligg samla med Kalvedalshytta? Vi gjer merksam på at det kan ikkje opnast opp for større terrengingrep og støttemurar i denne saka, slik at dette vert vurdert når ein ser på plassering av hytta.

Konklusjon:

Før vi kan handsame søknad om arealoverføring må søknaden supplerast med:

- Søknad om dispensasjon i frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel og byggje- og deleforbodet i 100 metersbelte mot sjø og vassdrag. Søknaden må grunngjevast
- Det er trong for tilleggsinformasjon om sikringshytta og skildring av faktisk bruk av denne
- Vi ber om at De ser på om det er mogeleg å redusere arealet og samstundes får samla bygga slik at desse ligg naturleg knytt til kvarandre.

Vi ber om at overnemde tilleggsinformasjon vert sendt inn til oss innan **19.03.2018**, og har De spørsmål i saka ber vi at De tar kontakt med Dykkar sakshandsamar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bergen og Hordaland turlag
v/Johnny Bjørge

Tverrgaten 4-6 5017

BERGEN